



# Kyrkjebladet

for  
BYGLAND

Nr 1

Påske 2022

79. årgang



Glade konfirmantar på preikestolen i Bygland kyrkje. Foto: Frode Eikrem

**Dette kan du  
lese om i  
Kyrkjebladet:**

Andakt.....	s. 2
Årets fasteaksjon.....	s. 3
Vandring til forandring .....	s. 4-5
Årsfest for store og små .....	s. 6-7
Vikarprest med sans for bil og blues .....	s. 8-9
Gudstenesteliste, ætt skal fylgja ættarrad, påskemåltid .....	s. 10
Kontaktinformasjon, friluftsgudsteneste, bilete fra Årsfesten.....	s. 11

# Fred over jorden

*Au sokneprest Kjell Steinbru*

**Så har vi igjen fått krig i Europa med all sin gru. Vi her heime kjenner oss lett som hjelpelause vitne til alle lidingar, øydeleggingar og død. Mange folder no sine hender i bøn og ber om fred, forståing og respekt mellom folk og nasjonar.**

**I salmen «Deilig er jorden» er det mange som tek ekstra i når denne strofa kjem: «Fred over jorden». For krig har aldri løyst noko som helst. Her finns ikkje vinnarar og taparar. Krig skapar berre naud, daud og elende.**

## **Fredsfyrsten**

Da Jesus kom til jord levde folk i forventning til at det ein gong måtte bli fred. At romarane ville forlate landet, og at israelittane igjen skulle bli herre i eige kand. Den Messias, frelsarkongen, som skulle kome, bar eit tilnamn som det står om hos profeten Jesaja: «Han har fått namnet Underfull rådgivar, Veldig Gud, Evig far, Fredsfyrste. Så skal herreveldet være stort og freden utan ende over Davids trone og hans kongerike.»

Men det vart ikkje nokon fred for israelittane. Jesus sa det sjølv ein gong da han sat og beundra det vakre tempelet saman med læresveinane: «Det kjem ein dag då alt de ser her, skal rivast ned; det skal ikkje liggja att stein på stein.» Og akkurat det som Jesus hadde føresagt, det skjedde. Datoen det skjedde var den 4. august i år 70. Da øydela romarane tempelet heilt. Og sidan har det ikkje vore noko tempel i Jerusalem. Og sjølv om evangeliet no har nådd ut til alle verdas land, er freden mellom folk og nasjonar enno ikkje vorte ein realitet.

## **Vår oppgåve**

For oppgåva med å skape fred i denne verda er noko som Gud har gjeve til oss menneske. «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!», song englane på Betlehemsmarka da Jesus vart fødd.

Men den freden som bibelen både her, og andre stader, talar om, er ein annan fred enn fred som fråvæer frå krig. «Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk.», seier Jesus. Han forklarar dette til læresveinane etter at dei har komne inn i Jerusalem med Jesus for siste gong: «Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det. Lat ikkje hjartet dykkar uroast, og ver ikkje motlause!» (Joh. 14,27).

Å skape fred her på jorda er altså ei oppgåve Gud har gjeve til oss menneske. Vi fekk denne oppgåva da han skapte verda og gav den til oss, og sa at vi skal råda over den. Fred er det vi, alle oss menneska, som skal skape. Vår oppgåve her på jorda er det som det står skrive om hos profeten Mika 4,3: «Vi skal smi sverda om til plogskjer og spyda til vingardsknivar.»

## **Den evige freden**

Den freden som Jesus gjev oss er noko som Lina Sandell så fint og dekkande skriv om i salmen «O, Jesus opne du mitt øye»:

*Jeg har en talsmann tro i nøden,  
En trøster og en hjelper god.  
Jeg har et evig liv i døden  
En evig fred i Jesu blod.*

Den freden som Jesus gir er ein evig fred som han skapte da han gav sitt liv til soning for all verdas synd og vondskap.

Det er noko som kjem klårt fram i eit vers frå 1. Johannes brev, 1-2: «Mine born, dette skriv eg til dykk så de ikkje skal synda. Men om nokon syndar, har vi ein talsmann hos Far. Det er Jesus Kristus, Den rettferdige. Og han er ei soning for syndene våre, ja, ikkje berre for våre, men for alle i heile verda.»

## **Forsoninga**

Paulus skriv også mykje om akkurat dette, som er heilt sentralt i kristen tru, til dømes i Kolossar-brevet 1,19: «For i han (Jesus) ville Gud la heile sin fylde bu, og ved han ville Gud forsona alt med seg, det som er i himmelen, og det som er på jorda, då han skapte fred ved hans blod på krossen.»

Det er nok frå dette verset Lina Sandell har henta inspirasjon til strofa: *En evig fred i Jesu blod.*

På bakgrunn av dette kan vi også betre forstå kva dei gamle profetane meinte med omgrepet fredsfyrsten. Og at fred i bibelsk forståing først og fremt er ein gudommeleg fred som vi skal få ha med oss i våre liv, no og i alle æve, slik som til dømes profeten Sakarja skriv, om den evige kongen som snart skulle kome: (9,10): «Han skal tala fred for folkeslaga, hans velde skal nå frå hav til hav, frå Storelva til endane av jorda.»

Med ønske om ei fredfull påske for dykk alle, for Ukraina, og for alle folk på denne jord.

# Gje vatn til dei som treng det mest

Verda opplever mange kriser samstundes: Konflikt, flyktningkrise, pandemi, auka fattigdom og klimakrise. Talet på menneske som treng nødhjelp aukar dramatisk. Akkurat no går den største flyktningkrisa etter 2. verdskrig føre seg i Europa på grunn av krigen i Ukraina. Verste scenario er at ti millionar menneske må flykte. Frå før er millionar av menneske på flukt frå svolt, krig, flaum og konflikt over heile verda. Men det er håp. Kirkens Nødhjelp er til stades, med vatn og hjelp til dei som treng det mest.

Det er krise i Ukraina, det er det også i Afghanistan og Malawi. Men det er håp! I Afghanistan er Kirkens Nødhjelp til stades med mellom anna reint vatn, teppe og hygienepakker. Malawi vart tidlegare i år råka av flaum, og der er vi også til stades med krisehjelp. I tillegg jobbar vi med langsiktig hjelpearbeid i landet, gjennom fokus på hjelp til å ruste seg mot klimaendringane gjennom moderne jordbruksmetodar som vatning via dryppsystem.

Vatn er viktig for å overleve og eksistere, men vatn gjer også at frø kan vekse der det elles er knusktørt, det

gjev mat på bordet, held sjukdomar unna og gjev rom for framtid og draumar. For fem år gamle Alefa i landsbyen Kambuwe i Malawi, gjev vatnet enorme moglegheiter. Det er ikkje gjeve at jenter som Alefa veks seg sterke og sunne. 50 prosent av alle barn under fem år har fått hemma veksten sin som følgje av svolt, medan berre 40 prosent har tilgang til førskole. Der Noreg stort sett toppar alle statistikkar, ligg Malawi på botnen som eit av dei fattigaste landa i verda. Det å få ein god start med nok vatn, mat, førskole og gode oppvekstvilkår er heilt avgjerande for at jenter som Alefa skal kome seg ut av fattigdom.

Pengane frå fasteaksjonen bidreg både til at flyktningane frå Ukraina får hjelp, at Kirkens Nødhjelp kan vere til stades ved kriser som i Afghanistan og Malawi, og at vi kan drive langsiktig bistandsarbeid gjennom å gje menneske over heile verda tilgang til vatn og gjere dei i stand til å møte klimaendringar og kriser. Fasteaksjonen gjev også moglegheit til å vere med og påverke norsk klimapolitikk. Dei fattigaste i verda har bidrege minst til klimaendringane, men opp-

lever dei verste konsekvensane. Det er dønn urettferdig.

Gjennom fasteaksjonen mobiliserer Kirkens Nødhjelp det norske folk til å engasjere seg der nauda er størst, enten det er i Ukraina, Malawi, Afghanistan eller andre kriser utanfor søkelyset til media. Gje vatn til dei som treng det mest. Årets konfirmant-er i Bygland og soknerådet gjennomfører bøsse-aksjon måndag 4. april, frå om lag kl. 17. Ta godt imot bøsseberarane!

Du kan gje med kontantar, eller  
**Vipps på nr: 2426, eller**  
**SMS: VANN til nr 2426 (250kr).**



# Pilegrimsvandring fra

25.–28. juni er det klart for andre «Van



# Åraksbø til Iveland

## Vandring til forandring» gjennom Setesdal

Også denne gang med Svein Kleivane som stifinner. I fjor gikk vi 27. – 30. august fra Fjellgardane kyrkje på Hovden til Austad kyrkje på Tveit. En vandring som til sammen 28 deltok på, og som hele veien foregikk i strålende sol.

### Slik blir turen i år

Det blir frammøte 25. juni mellom kl 09 og 10 ved Sandnes kyrkje i Åraksbø. Så starter vi opp med en enkel pilegrimgudstjeneste kl 10. De andre dagene starter med morgenbønn i kirkene kl. 9.00 før vandringen starter, dvs. i Bygland kyrkje søndag, Årdal kyrkje mandag og Evje kyrkje tirsdag. Vandringen avsluttes med en kort gudstjeneste i Iveland kirke tirsdag ettermiddag.

Årets pilegrimskomite består av Helga Victoria Aas Johnsen, Adina Skaiaa, Jo Inge Rosseland, Bernt Einar Berntsen, Svein Kleivane og Per Emanuelson.

Svein og Bernt har planlagt etappene gjennom Bygland, og etappene gjennom Evje og Iveland er Jo Inge og Adina med på å finne ut av. Det legges også i år opp til vandringer på ca. 12 km pr. dag. Det viste seg i fjor å være en passelig og grei distanse. Vi legger som alltid på pilegrimsvandring opp til stille vandringer, med tid for både refleksjon og ettertanke underveis.

Mandag ettermiddag etter

vandringen er planen å transporteres ned til Fennefoss for litt informasjon om Hans Nielsen Hauge v/ Jo Inge. Og kanskje blir det også rom for andre utflukter.

### Overnatting, pris og påmelding

Overnatting blir i år på KVS Bygland. Her får vi også middag etter endt vandring lørdag, søndag og mandag. Her spiser vi også frokost og smører niste søndag, mandag og tirsdag. Prisen i år blir kr 2.500, pr. pers for hele turen. Da sover man i

sovepose. Ønskes oppreidd seng er det kr. 200 i tillegg. I prisen ligger i tillegg transport etter endt vandring de tre første dagen og transport ut til morgenbønn de 3 siste dagene.

Totalt har vi 30 plasser – dvs plass til 25 påmeldte.

For at alle skal ha lik mulighet til å melde seg på åpner vi for påmelding fra 19. april til 1. mai. Påmeldingen går per e-post til [helga.johnsen@kirkebakken.no](mailto:helga.johnsen@kirkebakken.no)

Per Emanuelson



# Årsfest for både store og små!

*Tekst: Olav Nilsen • Foto: Tone Norgarden Gakkestad*

Sundag 27.februar vart ein festdag av dei sjeldne i kyrkjelyden vår.

Då var det først gudsteneste og utdeling av bøker til 4- og 6-åringane i Sandnes kyrkje,

Deretter var det Årsfest på Grendehuset.

Det byrja ikkje så godt. Setes-

dølen hadde ved ein glipp gløymt å setje inn annonse om dette, og følgeleg frykta ein at det heller vart tynt i rekkene denne sundagen. Men aldri så galt at det ikkje er godt for noko!

Fredag morgon gjekk det ut SMS til alle foreldre i den aktuelle aldersgruppa, og fleire responderte på dette.

Sundag føremiddag køyrde eg oppover, og tenkte at det nok ikke var mange bilane parkert langs vegen.

Så feil kan ein ta! Det var mest ikkje råd å finne plass, og i kyrkja yrte det av folk i alle aldre!

Knut Gakkestad er ikkje berre klokkar og kyrkjetenar. Han er "lekprest" og, og leia oss gjenn-



*Glade deltakarar på Årsfesten.*



*Trusopplæreren i godlage.*

om gudstenesta med sikker hand.

Vår dyktige organist Knut Olav Uppstad var og sterkt til stades, og han kan noko som mange av hans yrkesbrødre og yrkesøstre ikkje kan: Nemlig å leggja duren ned to hakk i høve til melodiboka, slik at alle kan synge av full hals!

Høgdepunktet var andakten med vår kjære trusopplærar Malin Hegenscheidt. Ho hadde såvidt rukke heim frå ein tur til Tyskland, men stilte i kyrkja med nykjemma hår og samla alle ungene oppe ved alterring- en, der dei sat som tente lys då ho så levande fortalte om Jesus som stilte stormen. Det var så ein såg for seg både

Jesus og læresveinane i storm- veret, og der Malin ut frå eiga erfaring fortalte om Han som ikkje berre kan stilla stormen på Genesaretsjøen, men og kan stilla stormane i våre eigne liv med sin underfulle fred.

Det vart eit herleg kaos då alle ungene skulle ha 4- og 6-års- bøker, og det såg ut til at alle sikra seg minst ei bok!

Etter gudstenesta tok mange vegen opp til Grendehuset, der fleire av medlemmene i sokne- rådet hadde stelt i stand det beste dei visste av kaffi og kak- er av alle slag!

Stor takk til vår dugande sokne- rådsleiar Marit Taksdal, som hadde fått med seg sokneråds-

medlemmene Kari Svenn- ingsen, Ånund Eldhuset og Sigrid Greibrokk til framifrå servering, og elles hadde rigga så fint i stand.

Diverre ville dei ikkje avbildast i samla flokk, men no er dei i det minste nemnd med namn. Ærast dei som ærast bør!

Kyrkjeverja las opp årsmeld- inga frå Bygland og Årdal sokneråd, med tilbakeblikk på endå eit arbeidsår i kyrkjelyden vår.

Sjølv om flokken i både kyrkje og bedehus mange gonger ikkje er så stor, har me Jesu ord på at han sjølv vil vera til stades der to eller tre er samla i hans namn!

Og så gler me oss over vel- signa samlingar som den i Sandnes kyrkje denne sundag- en, til stor glede og oppmuntr- ing for oss alle.

Lat oss ta med det som år etter år har stått heilt avslutningsvis i årsmeldinga, og som gjeld som aldri før:

Soknerådet vil takka alle for innsatsen i året som ligg bak. Takk til kyrkjelege medar- beidarar for trufast arbeid. Takk til alle andre som har stilt opp i ulike samanhenger. Me er og takksame for det arbeidet som vert utført kringom på bedehus og grendehus og ulik foreiningsamanheng elles. Saman er me Guds kyrkjelyd i Bygland og Årdal sokn. Det er så vårt ynskje at kyrkjelydane våre kan stå saman i denne viktige tenesta og i året som kjem og vera til velsigning.

# Vikarprest med sa

Tekst og Foto

Ein fager sundagskveld i mars møter eg Frode Eikrem, ein av vårens vikarprestar i soknet vårt.

Møtestaden er ein garasje på Birkeland.

Der står ein Opel Rekord 1960-modell. Noverande eigar er yngstedotter til kyrkjeverja i Bygland, ein bil som har vore i familiens eige sia den var ny. Dette vert sjølv sagt stasbilen ho skal fraktast i neste sommar, når ho og Kristian vert vigde av den same Frode Eikrem. Men det er ei anna historie.

Ein har ikkje tala lenge med Frode Eikrem før ein legg merke til at han har ein spesiell sans for to ting: Bil og blues

Foreldra hans kan fortelja at han allereie som 5-åring kunne namna på dei fleste bilmerke.

Når det gjeld musikken har han arva mykje av sine musikalske evner frå morsida, mellom anna med ei tante som har vore organist i Time på Jæren i mange år.

Som gutunge lærte han å spele piano, og som ungdom spelt han i band der det gjekk i både rock og blues.

Så blei han hekta på munnspel, då han på 90-talet høyrde Asbjørn Ribe frå Birkeland. Idag spelar han av og til saman med andre lokale musikarar, så von-

aleg tek han dei med til Bygland utpå hausten. Kan hende det då kan bli "blå tonar med blues-pastor Eikrem" på menyen i Bygland kyrkje?

Frode er 47 år, kona hans 48 år, og då eg spør kor mange born dei har, svarar han "Me har tre born på 17 år"! Trillingar med andre ord, som no går 1.året på Lillesand vidaregåande skule.

Prestekallet ser ut til å gå i arv i Eikrem-familien. Far hans Knut Arne Aston Eikrem var mellom anna prost i Lillesand frå 2001 til 2015.

Før det var han sokneprest i Averøy på Nordmøre, og det var her Frode hadde oppveksten sin. Det høyrer ein på dialekta. Den er korkje frå Birkeland eller Bygland!

Men då foreldra flytta sørover, følgde Frode med på lasset, og her har han vore sidan.

Mor hans er ei dugande Jær-dame frå Undheim, og med ein slik ballast er det ikkje rart at han har mange jarn i elden. Det kjem me attende til etter kvart.

Frode har presteutdanninga si på MF,

men har og teke pedagogikk ved Universitet i Oslo.

Hans første arbeidstad i kyrkja var som kateket i Mandal, ei stilling han hadde i åtte år.

Etter det hadde han eit toårig engasjement som "kyrkjelydsutviklar", og hadde kontakt med 400 friviljuge i kyrkjelydane i Mandal, Holum og Skjernøya.

Deretter følgde fem år som rådgjevar for trusopplæring på bispedømekontoret. Dette var på





# ans for bil og blues

: Olav Nilsen

den tida eit pionerarbeid, og i den perioden vitja han samtlige kyrkjelydar i Agder og Telemark, og var innom heile 140 ulike kyrjer. Så han er godt kjend i Bygland og Årdal frå før.

I 2013 flytta han og familien til Birkeland, der han seinare har vore sokneprest i Birkenes kommune, og med spesielt ansvar for arbeidet i dei øvre bygder – Vegusdal og Herefoss.

Kona hans, Gunhild, er dotter til ingen ringare enn Konstanse

Raen - mest kjend som misjonær i Afrika, og som bibeloversetjar i Bibelseskapat.

Kontanse har mellom anna fått Kongens fortjenestemedalje for si lange og tru teneste, så her har me verkeleg med godtfolk å gjera!

Frode har idag ansvaret for fleire konfirmantkull. I tillegg til å følge opp årets konfirmantar på Bygland, har han ansvaret for konfirmantane i Vegusdal og Herefoss, i tillegg til han er ein av tre prestar som følgjer opp den store konfirmantgruppa på Birkeland.

Ut over konfirmantundervisninga skal han ha ein god del enkeltgudstenester både i Bygland og Åseral, så her har han ein travel kvardag over eit stort geografisk område!

Frode trivest best i Bygde-Noreg, og kan ikkje få kytt nok av årets konfirmantar i Bygland.

Sjølv vaks han opp på bygda, og her har han mykje til felles med bygdeungdomane og i dag – ikkje minst gutane – nemlig interessa for motorsport!

Noko som kling godt i mange Byglendingars hjarte er at vikarpresten har snøscootersertifikat.

I tillegg er han hekta på trialkøyring, og på Herefoss har han starta eigen trialklubb for ungdomane, i regi av kyrkja og idrettslaget.

Frodes erfaring er at det er godt å bu på bygda, og at ungdomane der får impulsar og interesser som dei mestrar på andre måtar enn berre på skulebenken eller framfor PC'en.

Med andre ord: Praktisk læring og livets skule!

Frodes bakgrunn er både frå kyrkja og bedehuset, og han ser stort på det kristne fellesskapet både i og utanfor Den norske kyrkja.

-Eg har stor tru på at Gud kan bruke alle, til det me er gode på, og til de me tykkjer er moro. Det er mange som kan bidra i det kristne fellesskapet med sine evner og interesser. Det gjer det spanande å arbeide i kyrkja. Eg har stor tru på eit fellesskap der me kan være oss sjølv og bruke våre evner, seier han med ettertrykk!

Me ønskjer vikarprest Frode Eikren lukke til i arbeidet sitt her i Bygland og Årdal sokn, og Guds rike signing over liv og teneste.





Kom til Guds hus!

VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

### Gudstenester i Bygland og Årdal våren 2022

#### Facebook:

www.facebook.com/

Byglandskyrkjene/

Heimesida: www.kirken.bygland.no

#### 10. april. Palmesøndag

Hovatn ved Åraksbø kl. 12:00: Friluftsgudsteneste ved Inge Berg Pettersen. Organist: Knut Olav Uppstad. Preiketekst: Johannes 12,1-13: Jesus blir salva i Betania. Viss dårleg vær eller for lite snø, vert gudstenesta i kyrkja eller ein annan plass. Kunngjering om dette i Setesdølen eller kyrkjelyden si heimeside.

14.april. Gudstenesta er avlyst

#### 15. april. Langfredag

Årdal kyrkje kl. 17:00: Langfredagsgudsteneste ved Frode Eikrem. Organist: Knut Olav Uppstad.

Takkoffer: Kirkens SOS i Norge. Preiketekst: Johannes 18,1-19,42. Jesu lidingssoge.

16. april: Påskekonserten går ut.

#### 17. april. Påskedag

Bygland kyrkje kl. 16:00: Høgtidsgudsteneste ved Harald Torgersen. Organist: Knut Olav Uppstad. Preiketekst: Johannes 20,1-10: Den tomme grava. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt ved Misjonsalliansen. Dei arbeider med å bygge trygge lokalsamfunn i Kambodsja, og dei prioriterer utdanning, born og unge, arbeid og inntekt, reint vatn og klima.

#### 24. april. 2. søndag i påsketida

Årdal kyrkje kl. 18:00: Samtalegudsteneste med konfirmantane ved Frode Eikrem. Organist: Knut Olav Uppstad. Takkoffer: Kristen Idrettskontakt – KRIK. Preiketekst: Johannes 20,24-31: Sæle dei som ikkje ser, og endå trur.

#### 8. mai. 4. søndag i påsketida

Sandnes kyrkje kl. 16:00. Gudsteneste. Organist: Knut Olav Uppstad. Takkoffer: Evangeliesenteret. Preiketekst: Johannes 14,1-11: Eg er vegen, sanninga og livet.

#### 17. mai

Årdal kyrkje kl. 11:00. Festgudsteneste. Organist: Knut Olav Uppstad.

Takkoffer: Frelsesarmeen. Preiketekst: Lukas 17,11-19: Den takksame samaritanen.

#### 29. mai. Søndag før pinse

Bygland kyrkje kl. 11:00. Konfirmasjonsgudsteneste ved Frode Eikrem. Organist: Knut Olav Uppstad. Takkoffer: Vonheim Bedehus. Preiketekst: Johannes 16,12-15: Talsmannen, Den heilage ande.

#### 5. juni. Pinedag

Årdal kyrkje kl. 14:00. Konfirmasjonsgudsteneste ved Frode Eikrem. Organist: Oxana Emmelkamp. Takkoffer: Fredheim bedehus. Preiketekst: Johannes 14,23-29: Lovnad om Den heilage ande.

#### 19. juni. 2. søndag i treeiningstida

På garden Tveitå på vestsida av Byglandsfjorden kl. 12:00: Friluftsgudsteneste. Organist: Knut Olav Uppstad. Takkoffer: Kirkens Nødhjelp. Preiketekst: Esekial 36,25-29a: Eit nytt hjarte og ei ny ånd. Viss dårleg vær vert gudstenesta i Årdal kyrkje.

#### 10. juli. 5. søndag i treeiningstida

KVS Bygland kl. 11:00. Gudsteneste på bibel- og naturcampen på KVS-Bygland. Preike ved Halvard Myhren. Organist: Knut Olav Uppstad. Takkoffer til KVS Bygland. Preiketekst: Matteus 18,12-18: Sauen som gjekk seg vill.

### ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD



#### Døde

Jon K. Nordibø, født 20.04.1933, død 21.12.2021

Abraham Andreas Dyrstad, født 18.08.1928, død 13.01.2022

Ingrid Marie Dyrstad, født 04.07.1936, død 24.01.2022

Magne Reidar Kjetså, født 26.04.1947, død 13.02.2022

Birgit Skjevra Skeie, født 08.03.1927, død 16.03.2022

Roderich Johannes Heinrich Kohler, født 01.02.1952, død 21.03.2022

### Andaktar på Byglandsheimen våren 2022

Andaktane er annakvar tysdag og tek til kl.14.00.

5. april  
19. april  
3. mai  
31. mai  
14. juni  
28. juni

### Påskemåltid

i Åraksbø grendehus, 8 april kl 18.  
Ellen Raen frå Israelsmisjonen leiar kvelden.  
Påmelding til Tone N. Gakkestad, 994 90 912  
innen 7 april pga mat.

Kr 150 for middag. Kollekt til misjonen.  
Velkomne.

## Fleire glimt frå Årsfesten



## Velkomen til friluftsgudsteneste

Så sant at det er føre,vert det friluftsgudsteneste ved Hovassdammen, paldesundag kl. 12.Vi tek med bålpanne

slik at ein etter gudstenesta kan grille mat ein har med seg og varme seg ved bålet.Det er viktig at ein samarbeider om transporten

for at det skal bli så få skoterar som mogeleg.

Dersom det er ulageleg ver eller føre vert gudstenesta i Sandnes kyrkje kl 12.

Vi vonar at folk møter godt fram, for dette vert den einaste gudstenesta i påska i øvre delen av kommunen.

Helsing Knut Gakkestad

### Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,  
Sentrum 18, 4745 Bygland  
Bygland kommune: . . . . .37 93 47 00

Heimeside: kirken.bygland.no

#### Sokneprest Kjell Steinbru

Telefon: . . . . .473 28 472  
E-post: kjell.steinbru@kirken.bygland.no

#### Kyrkjeverje Olav Nilsen

Telefon: . . . . .982 99711  
E-post: kbnilsen@hotmail.com

#### Bygland og Årdal sokneråd

Leiar: Marit Taksdal  
Mobil: 414 02881  
E-post: taksdalmarit@gmail.com

#### Nestleiar: Guro Kvaale Skibsrud

Mobil: 913 26596  
guro.kvaale.skibsrud@bygland.kom-  
mune.no

#### Tilsette

##### Organist

Hans Jurgen Wiehe . . . . .915 47 804  
Knut Olav Uppstad (eige firma)  
Mobil: . . . . .400 41041  
Mail: uppstad@gmail.com

##### Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad . . . . .948 80 383

##### Kyrkjetenar, Årdal

Tore Moseid. . . . .462 39056

##### Kyrkjetenar og klokkar, Bygland

Svein Kleivane . . . . .977 74 321

##### Kyrkjetenar, Austad

Tore Moseid . . . . .462 39 056

##### Klokkar, Austad

Svein Kleivane . . . . .977 7 4321  
Knut Gakkestad . . . . .948 80 383

##### Reinhaldarar

Tora Vegusdal (Årdal) . . . . .975 07034  
Marie Bue (Bygland) . . . . .48 210259  
Gro Tove Frafjord Sandnes  
(Sandnes) . . . . .950 44185  
Therese Gautestad  
(Austad) . . . . .901 94676


##### Prostidiakon

Per Emanuelsen . . . . .977 19173  
Mail: pe-em@online.no

##### Trusopplærar Malin Hegenscheidt

Mail: malin.hegenscheidt@web.de  
Mobil: . . . . .908 78120

Returadresse: Setesdalstrykk a.s  
Kinovegen 16, 4735 Evje



*Hovtn i vintersol*  
**Foto: Tone Norgarden Gakkestad**